

FAVN ARKITEKTER AS

Øvre Korskirkesmauet 2B
5018 BERGEN

Vår ref 2022/1734-6	Deres ref	Dato 30.05.2022	Delegert til Utvalg for plan og utvikling delegert	Delegert saksnr. 459/22
------------------------	-----------	--------------------	---	----------------------------

84/6 - Dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen. Tilbygg til hytte og bruksendring frå uthus til anneks. Skurdalen

VEDTAK:

1. Med heimel i plan- og bygningslovas § 19-2 blir det gjeve dispensasjon frå LNF-føremålet i arealdelen av kommuneplanen og byggeforbodet i planføresegn 3.1 for slike område. Dispensasjonen gjeld for tilbygg til hytte og bruksendring frå uthus til anneks på fritidseigedomen 84/6. Dispensasjonen gjeld for tiltak vist på vedlagte situasjonsplan og plan- snitt og fasadeteikningar.

Grunngevinga er at tiltaka skjer på eigedom oppretta til fritidsføremål og bygd med bygningar knytt til slik bruk, lenge før LNF-føremålet vart innført. Eigedomen vart oppretta i 1953. Eigedomen ligg i område som ikkje har særlege landskapsverdiar, nære andre bygningar til bustad og fritid og nære fylkesveg 40. Byggeplanane er innanfor retningslinene for dispensasjonshandsaming knytt til eksisterande enkelthytter i LNF-område. Ein dispensasjon vil ut frå dette ikkje vera ei vesentleg tilsidesetting av arealføremålet og byggeforbodet. Det er ikkje funne at ein dispensasjon vil føre til negative verknader for samfunnsinteressene, og dei personlege fordelane er funne å vera fullnøydande til at vilkåra for å kunne gje dispensasjon er til stades.

Saksopplysingar:

Eigedomen 84/6 er ein fritidseigedom oppretta i 1953, og er i dag bygd på med ei hytte og uthus. Eigedomen ligg i LNF-område i gjeldande arealdel av kommuneplanen. I samband med planar om tilbygg til hytte og bruksendre uthuset til anneks er det sendt inn søknad om dipensasjon frå arealføremålet LNF og byggeforbodet i slike område for tiltak som ikkje er knytt til landbruk. Planføresegn 3.1. Søknaden er i hovudsak grunngeve med at tiltaka ikkje vil endre situasjonen i høve til i dag. Eigedomen ligg nære fylkesveg 40, og Viken fylkeskommune som vegmynde har for tiltaka gjort vedtak om dipsensasjon frå byggegrensa mot denne vegen.

Dispensasjonssøknaden med relevante vedlegg vart sendt til fylkeskommunen og Statsforvaltaren i Oslo og Viken, for innsending av ev. fråsegn. I mottekne fråsegner er det vurdert at ein dispensasjon ikkje vil røre ved deira interessar i vesentleg grad. Fylkeskommunen gjer merksam på at om det under gravearbeid blir treft på automatisk freda kulturminne, så må arbeidet straks stogge og fylkeskommunen varslast. Statsforvaltaren peikar på at kommunen må vurdere om saka kan ha negative konsekvensar for lokale miljøverdiar eller lokale interessar og ut frå dette foreta ei konkret vurdering av saka. Ein eventuell dispensasjon må grunngjevast nøye ut frå konkrete tilhøve i den aktuelle saka for å unngå at det blir skapt ein uheldig presedens for tilsvarande saker.

Vurdering:

Ein søknad om dispensasjon handsamast etter reglane i plan- og bygningslovas § 19-2. Det er her m.a. krav om at for å kunne gje dispensasjon må denne ikkje vesentleg setja til side føremålet bak planføresegn eller arealbruk vist i plan, og fordelane med å gje dispensasjon skal vera klart større enn ulempene. Med fordelar er det i hovudsak meint i høve til samfunnsinteressene. Begge desse vilkåra må vera oppfylt for at dispensasjon kan bli gjeve.

Kommuneplanens arealdel har utarbeidd retningslinjer for dispensasjonshandsaming knytt til eksisterande hytter i LNF-område. Eigedomens plassering er i område utan særlege landskapsverdiar, nære andre bygningar til bustad og fritid og nære fylkesveg 4. Det er ikkje funne at ein dispensasjon vil føre til negative konsekvensar for andre miljøverdiar eller lokale interessar, og tiltaka vurderast å ligge innanfor retningslinjene for at dispensasjon kan bli gjeve. Fylkeskommunen si merknad knytt til kulturminnelova vil bli fylgd opp i eiga sak som vilkår i ramme- og igangsettingsløyve.

Med helsing

Kamilla Holberg Mjøsund
Kamilla Holberg Mjøsund
leiar plan og utvikling

Borgar Underdal
byggesaksbehandlar

Elektronisk godkjent uten signatur

Høve til å klage

Vedtaket kan påklagast til Statsforvaltaren i Oslo og Viken. Klage skal stilast til Statsforvaltaren, men skal sendast til kommunen. Klagefristen er 3 veker, rekna frå den dagen vedtaket kom fram. De må opplyse datoen for mottak av vedtaket, kva for vedtak de klager på, endringar de ynskjer, og dei grunnar klagen støttar seg på. Klagen må vera underskriven.

Kopi til:
STATSFORVALTEREN I OSLO OG VIKEN

Postboks 325